



Friluftslivets fellesorganisasjon

Adresse: Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO
Telefon: 23 31 09 80, Telefaks: 23 31 09 89, E-post: post@frifo.no
Org. nr.: 971 262 834, Bankgiro: 7154.05.51671

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Landbruksavdelinga
Postboks 14,
6801 FØRDE**

Oslo, 26.03.04

UTVIDING AV STØLSEHIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I FINNAFJORDEN, VIK KOMMUNE – HØYRINGSFRÅSEGN

Vi viser til brev av 20.02.04 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om framlegget om utviding av Stølsheimen landskapsvernområde som FRIFO har fått til uttale.

Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) representerar dei 12 største friluftslivsorganisasjonane i Noreg med til sammen vel ½ million medlemskap. Ei av hovudoppgåvene for FRIFO er å ivareta allemannsretten og gode vilkår for det enkle og naturvenlege friluftslivet i Noreg. FRIFO støttar framlegget om ei utviding av Stølsheimen landskapsvernområde i Finnafjorden, og ser dette som eit viktig ledd i auka vern av verdfulle fjordlandskap i Noreg. FRIFO meiner det er viktig at våre naturverdiar vert ivaretakne og at særskilt viktige naturområde vert verna. Forutan eit vern av sjølve landskapet og naturverdiane som er knytt til området, er verneområde viktige for friluftsliv, naturopplevelingar og for undervisning og forsking. Ikkje minst ser FRIO på vern som viktig for å ivareta friluftslivet som ein del av norsk kulturarv og som ein del av det helseførebyggande arbeidet i Noreg.

Bakgrunn for framlegget og trongen for vern

I 2001 tok grunneigarane initiativ til å utvide Stølsheimen landskapsvernområde slik at heile Finnafjorden kjem med. Utvidingsområdet gjeld 1,5 km² landareal og 2,5 km² sjøareal. Verna fjordlandskap er ein mangel i Noreg, og dette er eit av argumenta for å innlemme Finnafjorden i Stølsheimen landskapsvernområde.

Friluftslivet

Når det gjeld friluftslivet, vert følgjande peika på som viktig for det gjeldande området. Finnafjorden har stor verdi for båtliv. Dessutan er det i det aktuelle området to turstigar. Den eine er den gamle ferdelsvegen frå Finnabotn til Finden og den andre er stien frå Finden og opp Skjemmedalen.

FRIFO er opptekne av at retten til fri ferdsla (allemannsretten) vert ivaretaken, som eit viktig fundament for utøvinga av det tradisjonelle friluftslivet i Noreg. FRIFO registrerer at utvidinga av Stølsheimen landskapsvernområde ikkje vil medføre restriksjonar på friluftslivet. FRIFO vil peike

på at dei nemnde turstigane bør verte vedlikehaldne, slik at det ligg til rette for friluftsliv i dette området også framover.

Konklusjon

På bakgrunn av det vedlagte framlegget om utviding av Stølsheimen landskapsvernområde, og konsekvensar av dette, støttar FRIFO dette framlegget. Utvidinga vil innebere eit rikt tilfang til det eksisterande verneområdet med ein inkludering av Finden og Finnafjorden, og vernet av eit slikt verdifullt fjordlandskap vil vere til glede for alle som får oppleve området, enten det er gjennom ulike typar turisme eller utøving av tradisjonelt friluftsliv. Når det gjeld omsynet til friluftslivet, ber vi særskilt om at dei turstigar som finst (den gamle ferdselsvegen frå Finnabotn til Finden og stien frå Finden og opp til Skjemmadalen) vert haldne ved like og rydda slik at det også framover vert liggjande godt til rette for friluftslivet i området.

Venleg helsing

Harald Tronvik
generalsekretær

Kristin Thorsrud Teien
fagkonsulent, vikar